

## Skadefelling grågås- Børilden Austrheim kommune- klagehandsaming

### Saksopplysninger

I denne sak handsames klage på skadefelling frå NOAH dagsett 8/4/2016. Klagen gjelder Fellingsøyve på 20 grågås på Langøy og Børild gitt 18/3/2016. Skadefellingen er per d.d gjennomført og klagehandsaming vil kun gi prinsipielle konsekvenser.

### Bakgrunn

Landbrukskontoret mottok den 16/3/2016 søknad om skadefellingsløyve på 30 grågås frem mot 20/4/2016 på Børilden og Langøyane. Etter forskrift skal slike saker handsamast som hastesaker og 17/3/2016 vert vedtak gjort i saka og sendt søkjar om morgonen 18/3/2016 med kopi til Austrheim kommune og Fylkesmannen i Hordaland. Det gis løyve til felling av opptil 20 grågås i ein tidsperiode frå 18/3 til og med 10/4. Det stilles vilkår til skadefellingen, sjå vedlagt vedtak.

Sakshandsamar mottok 7/4/2016 ein telefon frå NOAH som reagerer sterkt på løyve. Den 8/4/2016 mottok landbrukskontoret ein formell klage. Det vert gjort ein vurdering av saka i samråd med rådmann (Jarle Landås) 8/4/2016 og klagen gis ikkje på dette tidsspunkt oppsettande virkning.

Det vart innlevert rapport for skadefelling dagsett 13.4.2016 sjå vedlegg.

### Klagegrunner

Det er i klagen frå NOAH viser til ein uttale frå Fylkesmannen i Hordaland dagsett 18/3. Klagen trekk frem fleire klagepunkter. Det er klaga over

1. at skadefelling her nyttas som bestandsregulerende tiltak (vårjakt).
2. at grågås besanden i området ikkje er taksert og skade ikkje er dokumentert.
3. at det ikkje er ført kontroll med kva individ grunneigar skyte.
4. at det ikkje er stilt krav om innlevering av fuglane.

### Lovgrunnlag

Skadefellingsløyve gis på grunnlag av forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon § II B:

*«B. Kommunen kan gi tillatelse til felling av følgende viltarter når disse gjør skade: Storskarv, toppskarv, gråhegre, grågås, kanadagås, ærfugl, siland, laksand, tjeld, krykkje, grønnspekk, svartspekk, flaggspekk, kjøttmeis, kaie, kornkråke, stær, pilfink, bokfink, bjørkefink, grønnspekk, dompap, gulspurv, viltlevende kanin og ekorn»*

Det stilles etter forskriften generelle vilkår for skadefelling:

*«Viltlovens § 14 setter krav om at skade skal ha skjedd. Dette må forstås slik at skaden skal ha oppstått i inneværende sesong, og i et omfang som er av vesentlig økonomisk betydning for den skadelidte, eller som vil få tilsvarende betydning dersom skaden fortsetter.»*

1. *«Avliving av skadegjørende viltarter skal skje sikkerhetsmessig og humant forsvarlig»*
2. *«Før felling plikter eier, bruker eller rettighetshaver i rimelig utstrekning å forsøke andre tiltak*

Lovgrunnlaget for klage er forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon §VI. Og forvaltningslovens §28.

#### Vurdering

Klager har rettslig klageinteresse etter forvaltningsloven og klagen er mottatt innen fristen.

Uttalen frå fylkesmannen i Hordaland kjem i etterkant av at vedtak er fattet og kopi er forskriftsmessig sendt fylkesmannen. Landbrukskontoret oppfatter denne uttalen som ein instramming frå tidligare forvaltningspraksis. Da fylkesmannen vel å ikkje stoppe løyvinga, endrer ikkje landbrukskontoret vedtaket på bakgrunn av uttalen.

#### Klage som gjeld vårjakt

Skadefellingsløyve gis for å forebygge skade frå gjess på avling.

#### Klage som gjeld mangel på taksering av bestand og skade.

Landbrukskontoret utførte i 2013 synfaring på arealene. Det vart den gong observert store flokker gjess og dokumentert skade på eng. Gåsebestanden har siden den gang auka og det er under telling i 2016 observert flokker på 60 gjess i Austrheim kommune. Landbrukskontoret har difor i denne saka ikkje funne det naudsynt å gjere ein nye skadetaksering og telling på arealene.

#### Klage som gjeld kontroll med avliva individ og innlevering av fuglar

Det er i løyve pressisert at: *«Det skal takast ut ungfuglar eller ikkjehekkande individ då det er dei som gjer mest skade. Det skal prioriterast å ta ut skadegjerande individ der skadane er størst.»*  
Som tiltak for å få betre avling er bonden tjent med å skyte gjess på dei bøkane han ønsker at gåsa skal halde seg unna og å ta ut mest mogleg ungfugl. Utover informasjon og dialog før etter og under jakta i tillegg til rapport etter endt løyve, fører ikkje landbrukskontoret kontroll med uttaket.  
§ IV omhandler viltfondens eigedomsrett og gjelder for kongeørn, hønehawk, flaggermus og oter.

#### Konklusjon

Det er rådmannen sin vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagen som gjev grunnlag for å ta klagen til følgje. Rådmannen rår til at vedtak i saka vert stadfesta. Klagen vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjer.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Klagene vert ikkje teke til følgje og vedtak i saka vert stadfesta. Grunngevinga går fram av saksframlegget.